

TILBAKE I GRØNT OG KVITT.

Etter nesten ti år som sivilist på heiltid er eg visst militær igjen. I alle fall ei veke i året.



MARSJ. Petter Northug (t.v.) er i ferd med å få ei lita luke til resten av feltet. Nei, vent, det er tropp to som er på veg opp gjennom dalen!



SKREDLEKSJON. Bård Blomvik (t.h.) og Petter Naalsund øver seg på å leite etter sakna personar under snøen.



VARME. Primus er kjekt å ha, spesielt når gradestokken er godt på minussida og soverommet er eit telt i Engesetdalen.

HEIMEVERNET

- Oppretta 6. desember 1946.
- Består i dag av 45.000 soldatar.
- Støttar det sivile samfunnet, forsvarsgreinene og totalforsvaret i fred, krise og krig.0
- Alle som gjennomfører førstegangsteneste, læretid eller befalsutdanning, kan verte innkalla til HV.
- For å bli pålagt teneste i Heimevernet må du ha god helse og plettfri vandel. I tillegg må du bli godkjend av den lokale heimevernsmnd.
- Dei fleste heimevernsområda øver berre kvart andre eller tredje år, men nokre utvalde område øver kvart år.
- Mesteparten av soldatane er vernepliktige til dei er 44 år. Vernepliktig befal som har tenestegjort i minst to år er vernepliktige til dei er 55 år.

29. juni 2001. Eg ser på klokka. 12.15. Snart skal det skje. «Tre av», ropar kompanisjefen for siste gong. Eg snur meg rundt, triv Sparebanken Møre-baggen eg fekk på korpstur til Danmark i 1995 og stormar jublande ut porten – i sivilt. Eitt år med førstegangsteneste på Jørstadmoen er over, eg skal aldri meir gå i grøn uniform. Trur eg.

17. februar 2011. Sola skin frå blå himmel, eg spenner på meg skia. Det er ein flott dag for friluftsliv i Engesetdalen, men eg har ikkje tatt meg fri frå jobb for å gå trimtur på glasfiberski. Under dei grønne fotposane har eg to trefjølær, best kjent som Nato-plankar. Utanpå den grønne uniforma har eg kvit kamuflasjedrakt, framme på feltlua er det ei kongekrone, ein krans og to bokstavar – HV.

Rå latter. Det er no vel eitt år sidan det første brevet kom i postkassa. Tidlegare same dagen hadde eg flira rått då eg fekk høyre at bror min hadde fått innkalling til HV.

– Der kan du sjå, når du smiskar i førstegangstenesta og blir korporal og greier, sa eg og gliste godt. Enn så lenge.

I mai var plutsleg både eg og bror min på Åndalsnes. Setnesmoen, HV-leiren. Vi fekk utdelt store dungar med grønne klede, tunge våpen og beskjed om at vi skal vere i systemet dei neste 15-17 åra.

23 år. – Vi er inne fire-fem dagar i året, så vi må berre prøve å gjere det beste utav det, fortel Petter Naalsund. Med 23 års fartstid veit Petter kva han snakkar om. Både han og Bård Blomvik er føydde i 1968 og bikkar neste år den magiske dim-

megrensa. 44 år. Med mindre dei skriv kontrakt som frivillige, då.

– Vi skal nok fint klare oss utan, ler dei.

Skimarsj. Når eg sluttar meg til Petter og resten av gjengen i lag to, tropp to, har dei allereie gått fire timar på ski. Med pulk, ryggsekk, grunnutrusting og våpen har det vore ein tung føremiddag. Dette er første vinterøvinga til HV-område Ålesund sidan 70-talet, truleg var dei same pulkane i bruk den gongen også. Men noko av utstyret er i alle fall nytt, fortel dei rutinerte karane.

– Stridsvesten. Og den lange underbuksa.

Petter og Bård klagar ikkje, dei meiner utstyret har vorte betre etter kvart. Tidlegare fekk Heimevernet stort sett restar frå hæren, no er i alle fall nokre ting nye når dei vert utleverte. Før øvinga fekk til og med alle mann splitter nye hanskar, solbriller og kvitkamo innpakka i plastikk.

– Men skia er dei same som vi har hatt i alle år, får eg vite.

Rutine. Vêret er det i alle fall ikkje noko å seie på denne finevêrsdagen i februar. Seinast i fjor var det skikkeleg dritvêr under HV-øvinga, fortel gjengen i lag to.

– Då vi låg utpå Vigra var det sludd og storm.

Fleire har gode historier å fortelje frå tidlegare øvingar, praten går laust under rastepausen. Både i nedlagde industribygg på Ellingsøya og ved tankanlegget i Larsgården har det vore vaktpostar opp gjennom åra. Stort sett har det gått bra for både mannskap og eigedomar.

Før og no. Christopher Dahle er desidert yngst i laget. 27-åringen har bakgrunn som gardist.

– Eg saknar ikkje disiplinen frå garden, ler han.

Disiplin, ja. Det ordet har vel aldri vore det Heimevernet har vore mest kjende for, så synet som møter meg på mi første øving skaper undring. Dei fleste ser ut til å vere i aktivitet til ein viss grad, ingen sit bom stille i timevis og passar på ein trepinne. Og det ser ikkje ut til at nokon har tatt seg ein «pinne» heller. Kan det verkeleg vere slik at HV ikkje lenger er ein guteklubb som fyk på skogen for å drikke?

– Det har blitt strengare reglar, fortel dei rutinerte karane. Utan at dei ser på det som så veldig negativt.

– Det er bra at vi gjer noko fornuftig når vi først er her.

Granbar under soveposen skal gjere susen for nattesøvnen

Leksjon. Etter ti minutt på ski er det stopp. Undervisning om skredsøking er neste punkt på programmet. Alle må gjennom tre ulike postar med praktiske øvingar.

Instruktørane sender alle mann ut med kvar sin søkestav, dei eldste ser ivrigast ut. Kanskje er dette noko dei kan få bruk for også i livet etter HV?

Tidlegare i øvinga har det også vore undervist i korrekt vinterkleddnad, det er viktig at ingen fryser og vert sjuke. Det er trass alt karane frå nabolaget

som er tilbake i uniform. Karar som vanlegvis går i kjeledress, sit på ein kontorstol eller køyrer skulebussen som alltid kjem litt for seint.

Telt i felt. Etter kvart sig sola ned bak Nihusen og det mørknar mot kveld. Tropp to spenner på seg skia og set kursen mot det som skal vere overnattingsstaden den komande natta.

Eit ferdigkneppa knappetelt vert spent opp etter alle kunstens reglar, primusane brenn godt og kuldegropa ser djup og funksjonell ut. Granbar under soveposen skal gjere susen for nattesøvnen. Her skal det verte komfortabelt! Men kanskje må øyreproppane takast i bruk for å få det stilt og roleg?

– Det vert nok fleirstemt i teltet, fortel Bård med eit glis.

Etter kvart avslører dei andre i laget at det nok helst er unge Blomvik som «syng» høgast om natta.

– Alle er vakne med den snorkinga til Bård, ler dei.

Takk for meg. Eg ønskjer alle mann lykke til med nattesøvnen og ringer etter snøscooteren som skal hente meg. Vel 150 mann skal overnatte i telt rundt Svartløkvatnet. Sambandssoldat Støbakk skal tilbake til kjellaren i skyttarhuset i Engesetdalen og sørgje for at sjefane har radiokontakt med troppane gjennom natta.

Eg klagar ikkje, sjølv om skrotten nok kunne hatt godt av litt meir enn seks timar ute i felt. Men feltdøgna kjem nok med tida, det er jo uansett 14 år til eg skal tre av for siste gong.



FLOTT NORSK UNGDOM. Ja, eg veit at eg helst burde vore gravalvorleg og ikkje smile. Men vêret var jo så fint!

Dameveske

Det er altså dét styret. Flere ganger hver dag. Hva jeg snakker om? Følgene av å ha dameveske.

Er du dame har du garantert opplevd det sjøl, er du mann har du trolig kunnet bivåne det: At damevesker kan få gjenstander til å forsvinne. Bli borte et sted der inne, med det til resultat at du tror du har mista – det være seg mobiltelefonen, lommeboka eller nøkkelknippet.

For min del er det knapt en dag uten at dameveskeproblematikken resulterer i leiteaksjoner. Det har også skjedd at jeg har måttet stoppe bilen og gjort heilomvendning hjem fordi jeg har trodd jeg har glemt det eine eller andre, siden tingen tilsynelatende ikke er i veska. Men så er den der likevel. Gang på gang når jeg bare får endevendt makkverket.

Lenge har det både irritert meg og gjort meg oppgitt at damevesker resulterer i så mye krøll. For vi må jo nesten ha dem. Nylig fant jeg heldigvis ei forklaring som gjør at fenomenet på et vis er utafor vår kontroll. Du skjønner, damevesker er gjenstand for magi.

Det var dattera mi som gjorde meg oppmerksom på det, etter å ha sett Harry Potter-filmen Dødstalismanene. Hvor Hermine Grang gjør seg nytte av en vanskelig trylleformel som utvider innsida av dameveska uten at det synes utapå.

Måtte hun si formelen så høyt, tenkte jeg umiddelbart, da jeg fikk høre om det. For det er åpenbart at magien der og da blei utvida til ikke å bare gjelde Hermine's veske, men damevesker generelt. Flott hvis man, som henne, trenger å ha plass til et telt, flere bøker og masse klær. Ikke like flott hvis man tenker å bruke den i det daglige, og er avhengig av å finne igjen småting i den.

Dameveskers magi – eller forbannelse, er altså at de ikke ser så store ut utapå, men at de er det inni. Når vi ikke finner det vi leiter etter, er det fordi vi leiter etter nåla i høystakken. En høystakk som for min del godt kan bestå av følgende – i tillegg til nøkler, mobil og lommebok: Ei tåteflaske og to små antisklisokker. Fotoapparat med kabler. Boka jeg lenge har prøvd å lese. Tannbørste og tannkrem. Lader til mobilen, siden jeg alltid glemmer å lade den hjemme. Notatblokk og en drøss pinner. Solbriller, sminke, håndkrem og hårstrikk. Øretelefoner og Ipod. Tygggummi og halsdrops. Papirolmetørkler, paracet og tamponger.

Husk det, neste gang du enten leiter sjøl, eller ser ei dame leite: Det er en jungel der inne. Større enn man skulle tro.

VENTILEN

LINE HELGESEN
line.helgesen@smp.no